

Ryslett, K. & Håberg, L. I. A. (2025). Samisk matkultur i norsk barnehage: «Vi bakte sånne gahkko-brød eller kva det heiter, også laga vi den der bidos». I G. M. Grande, L. Husjord & K. Ryslett (Red.), *Matkulturer i Norge: Samisk, kvensk/norskfinsk, skogfinsk, jødisk, romsk og romani/tater i fagområdet mat og helse i lærerutdanningene*. (s. 203–220). Fagbokforlaget. DOI: <https://doi.org/10.55669/oa580407>

Kapittel 7

Samisk matkultur i norsk barnehage

«Vi bakte sånne gahkko-brød eller kva det heiter, også laga vi den der bidos»

Kari Ryslett¹ og Liv Ingrid Aske Håberg²

¹ Høgskulen i Volda

² NLA Høgskolen

Samandrag: Formålet med denne studien er å undersøke korleis pedagogiske leiarar arbeider med formidling av samisk matkultur som ein del av samisk kulturformidling. Samfunnsmandatet når det gjeld samisk kultur for norske barnehagar vart i 2017 utvida og tydeleggjort i rammeplan for barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017). I eit nordisk perspektiv står Norge i ei særstilling med omsyn til å løfte fram samiske perspektiv i barnehagen.

Som bakkebyråkratar må pedagogiske leiarar utøve skjønn når nye temattikkar skal implementerast. Studien bygger på fokusgruppeintervju (Halkier, 2015) i fire barnehagar med til saman ti pedagogiske leiarar som deltakarar. Under fokusgruppeintervjua vart det nytta intervjuguide med opning for innspel frå deltakarane. I analysen vart det nytta både ei deduktiv og induktiv tilnærming.

Hovudfunn er at formidling av samisk kultur er ein etablert tematikk, og at samisk matkultur er ein del av markeringa rundt den samiske nasjonaldagen. Dei to matrettane som blir nytta er *bidos* og *ghakko*. Deltakarane framheva også at samisk matkultur er knytt til berekraftig forvaltning av naturressursar. Utfordringar knytt til synleggjering av samisk kultur handlar i mindre grad om formidling av matkultur. Derimot handlar det om manglande kunnskap om det samiske. Studien peikar på behov for meir forskning på korleis barnehagar arbeider med formidling av samisk matkultur.

Nøkkelord: samisk matkultur, barnehage, pedagogisk leiar, bakkebyråkrat

Abstract: This study aims to investigate how pedagogical leaders communicate Sami food culture as part of Sami culture. In 2017, the societal mandate regarding Sami culture for Norwegian kindergartens was expanded and clarified in the Framework Plan for Kindergartens (Ministry of Education and Research, 2017). From a Nordic perspective, Norway is in a special position regarding highlighting the Sami perspective in kindergarten.

As a street-level bureaucrat, pedagogical leaders must use discretion when new themes are to be implemented. The study is based on focus group interviews (Halkier, 2015) in four kindergartens with a total of ten pedagogical leaders as participants. During the focus group interviews, an interview guide was used with an opening for input from the participants. Both a deductive and inductive approach was used in the analysis.

The main finding is that the dissemination of Sami culture is an established theme. Sami food culture is part of the marking around the Sami national day. The two dishes that are used are *bidos* and *ghakko*. The participants also emphasized that Sami food culture is linked to the sustainable management of natural resources. Challenges related to the presentation of Sami culture are, to a lesser extent, about the dissemination of food culture. However, they are more about a lack of knowledge about the Sami. The study points to more research into how kindergartens work with the dissemination of Sami food culture.

Keywords: Sami food culture, kindergarten, pedagogical leader, street-level bureaucracy

Innleiing


I denne studien blir søkelyset retta mot formidling av samisk matkultur. Samisk matkultur kan vere ein av fleire identitetsmarkørar som speglar kultur og natur. I både barnehagen, skulen og samfunnet elles har det skjedd ei auka merksemd mot det samiske. Den auka merksemda kan tolkast som ei operasjonisering av at Norge i 1990 ratifiserte ILO-konvensjonen slik at den samiske delen av befolkninga fekk status som urfolk. Norge er einaste landet med ratifisert konvensjon sjølv om ein finn samisk befolkning også i Finland, Sverige og Russland (Regjeringa, 2020). I nordisk samanheng står difor barnehagar i Norge i ei særstilling.

Formidling av samisk kultur er i større grad enn tidlegare framheva gjennom ny rammeplan for barnehagen i 2017 (Kunnskapsdepartementet, 2017). I den overordna delen av «Verdigrunnlaget for barnehagen» i kapittel 1 i rammeplanen står det at «Barnehagen skal synleggjere samisk kultur og bidra til at barna kan utvikle respekt og fellesskapskjensle for det samiske mangfaldet» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 9). Alle norske barnehagar skal synleggjere samisk kultur, uavhengig av om barna har samiske røter.

Medan innhald og arbeidsmåtar i noko grad er undersøkt i barnehagar med samisk profil, finn ein i mindre grad forskning som omhandlar korleis det blir arbeidd med formidling av samisk kultur i ordinære barnehagar utan spesifikk samisk tilknytning (Homme et al., 2021, s. 229). Formålet med denne studien er difor å undersøke korleis pedagogiske leiarar arbeider med formidling av samisk matkultur som ein del av samisk kulturformidling. Artikkelen bygger på ein kvalitativ studie med bruk av fokusgruppeintervju av pedagogiske leiarar i ordinære barnehagar. Problemstillinga er formulert slik: *Korleis opplever pedagogiske leiarar arbeidet med formidling av samisk matkultur i barnehagen?*

Figur 7.1

Sameflagget har fargane raudt, blått, gult og grønt og er vanlege på tradisjonelle samiske klede (gakti). Den delte sirkelen som pregar flagget er eit gammalt samisk symbol som her symboliserar sola (raud halvdel) og månen (blå halvdel), og dessutan samisk samhald.



Samisk matkultur

Kjernen i samisk kultur er nærleik til naturen, og her høyrer matkultur naturleg til (Valkonen & Valkonen, 2014). Urfolks kjensskap og forståing av naturen står sentralt i samisk matkultur (Olsen, 2017). Den samiske årssyklusen er delt inn i åtte årstider: vår, vårsaommer, sommar og haustsommar, haust, haustvinter, vinter og vårvinter (Jernberg et al., 2021, s. 184–189). Samisk matkultur har sitt utspring i arbeidsoppgåver knytt til denne syklusen.

Samisk matkultur kan også knytast til omgrepa å *utnytte* og å *bevare* (Harnesk & Brandon-Cox, 2014; Heim, 2023, s. 172). Å *utnytte* naturen kan handle om geografiske skilnadar. For eksempel å bruke rein og ferskvassfisk i innlandet, mens langs kysten er sau, geit og saltvassfisk dei mest vanlege råvarene. Å *bevare* maten er også sentralt, ved hjelp av konserveringsmetodar som salting, røyking, tøring, speking og fermentering. I tillegg er vakuumpakking mykje brukt i dag (Harnesk & Brandon-Cox, 2014; Nordlige folk, 2024). Felles for både å utnytte og bevare er å ikkje hauste meir av naturen enn kva ein treng, og å bruke alt som blir hausta (Valkonen & Valkonen, 2014).

Avstanden mellom naturen og naturressursane er i dag større. Dette er fordi majoriteten av den samiske befolkninga lever i urbane strøk, og berre

eit fåtal arbeider som reindriftsutøvarar, fiskarar eller bønder (Meld. St. 32 (2016–2017); SSB, 2017). Å bevare naturens rikdom med eit samisk verdisyn om naturbruk, matauk og samisk matkultur kan vere eit aktuelt bidrag til barnehagen. Dette kan lære norske barn om samisk berekraftig forvaltning av naturressursar (Buljo, 2020, s. 65; Heim, 2023, s. 173). Inkludert i dette ligg også at den samiske matkulturen er mangfaldig og kompleks (Johnsen-Swart, 2021). Slik kan barnehagebarn få det første møtet med samisk matkultur (Kunnskapsdepartementet, 2017).

Samfunnsmandat og kontekst

Vår analyse av rammeplan for barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017) viser at omgrepet «samisk» er nytta 58 gongar. Det handlar i stor grad om innhald og arbeidsmåtar i samiske barnehagar og avdelingar for samiske barn (Kunnskapsdepartementet, 2017). Omgrepet «matkultur» er nytta ein gong, men er då ikkje knytt til samisk kultur slik at «samisk matkultur» er fråverande.

Under fagområdet «Nærmiljø og samfunn» blir det vist til at barna skal få kjennskap til samisk språk, kultur og tradisjon. Dette er på linje med kjennskap til dei fem nasjonale minoritetane: kvenar/norskfinnar, jødar, skogfinnar, romar og romanifolk/taterar (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 56). Det blir såleis vist til eit mangfaldsperspektiv som også inkluderer andre grupperingar enn det samiske.

Rammeplanen definerer ikkje kva som blir lagt i omgrepet «samisk». For å støtte barnehagane sitt arbeid er det utarbeidd materiell som «Temahefte om samisk kultur i barnehagen» (Juuso & Bjørn, 2006) og «Samisk kulturforståelse i barnehage og skole» (Baal et al., 2020). Felles for desse er at det blir lagt vekt på å markere samefolkets dag 6. februar, det samiske flagget, musikk som joik, duodji (kunsthandverk), reindrift, samiske eventyr og matrettar.

Pedagogisk leiar som bakkebyråkrat

Som pedagogisk leiar har ein ifølgje rammeplanen ansvar for innhald og arbeidsmåtar på si avdeling eller base (Kunnskapsdepartementet, 2017). Pedagogisk leiar skal både ivareta rammeplanens føringar og barnas behov for læring og utvikling. Ei slik rolle kan tolkast som å vere i samsvar med Lipskys

teori om bakkebyråkratar (Lipsky, 1980 i Eriksen & Molander, 2008, s. 163). Ein bakkebyråkrat arbeidar direkte med borgarar i samfunnet samtidig som han representerer arbeidsgjevar. Det er typisk for bakkebyråkratar at dei må utøve ein betydeleg grad av skjønn (Molander & Terum, 2008, s. 20) for å manøvrere mellom pålegg «ovanfrå» og innspel «nedanfrå».

Som bakkebyråkrat må pedagogisk leiar tolke rammeplanen sine føringar om formidling av samisk kultur inn i si barnegruppe. I dette tolkingsarbeidet må pedagogisk leiar også tolke kva «samisk» betyr. Dei må operasjonalisere kravet i rammeplanen til ein praksis som barna erfarer. Dette vil også gjelde i formidling av samisk matkultur. Gjennom intervju blir i denne studien formidling av samisk matkultur undersøkt slik pedagogiske leiarar oppfattar det.

Metode

Problemstillinga vart undersøkt empirisk gjennom kvalitative fokusgruppeintervju av pedagogiske leiarar i barnehagen. Pedagogiske leiarar i same barnehagen blei inviterte til å delta i denne prosessen. Fokusgruppeintervju er ein metode for å granske problemstillinga både på eit individuelt nivå, det vil seie synspunkta til kvar pedagogiske leiar, men også på eit institusjonelt nivå. Hovudmålet er ikkje å skape universell kunnskap, men å komme nær praksisfeltet gjennom direkte møte i fokusgruppene (Halkier, 2015).

Utval og tilgang til feltet

Studien er godkjent av SIKT. Datainnsamlinga fann stad i februar 2022. Tilgangen til feltet blei gjennomført via ein strategisk og pragmatisk tilnærming (Hammersley & Atkinson, 1996). Dei strategiske kriteria var å finne seks barnehagar med minst tre avdelingar for å sikre ein rimeleg storleik på utvalet i kvar institusjon. Pragmatiske kriterium, som kort reiseavstand, vart valt på grunn av ressurs- og tidsavgrensingar.

Vi valde to ulike kommunar og tok kontakt via e-post med barnehagane som fylte våre kriterium. Dette blei følgt opp med telefonsamtalar for å spørje etter svar. Seks barnehagar svara positivt, og alle pedagogiske leiarar i dei

aktuelle barnehagane fekk tilsendt informasjonsbrev og samtykkeskjema. Då datainnsamlinga tok til i januar 2022, avlyste to barnehagar å delta på grunn av låg bemanning og sjukdom under koronapandemien. Utvalet vart difor på fire barnehagar med til saman ti pedagogiske leiarar. Barnehagane har fått tittelen A, B, C og D.

Datainnsamling

Kvart intervju varte omtrent 45 minutt. Det vart brukt ein semistrukturert intervjuguide (Kvale & Brinkmann, 2015) for å sikre fokus i datainnsamlinga og støtte til moderator. Begge forfattarane var til stades under intervjuet. Lydopptakar blei brukt for å sikre ordrett attgjeving til transkribering.

Styrken til fokusgruppeintervju kan vere kjennskap mellom informantane som potensielt kan føre til eit ope og trygt intervjumiljø. Samtidig kan ein slik intervjuform også introdusere eit nivå av sosial kontroll som kan få deltakarar til å føle seg usikre og reserverte (Halkier, 2015). Som moderatorar var vi begge merksame på denne dynamikken under fokusgruppeintervjuet.

Hovudintrykket var at deltakarane svara fritt, ope og supplerande til kvarandre på spørsmåla frå intervjuguiden. Spørsmåla omhandla mellom anna korleis samisk kultur vert synleggjort i barnehagen og kva utfordringar som er knytt til dette arbeidet.

Transkribering, analyse og verifisering

Før analysen tok til, vart intervjuet transkriberte av begge forfattarane. Transkripsjonane frå intervjuet utgjorde mellom 9–14 sider, totalt 49 sider. Data som gjeld matkultur er skild ut i etterkant.

I analysen vart det valt ei temabasert tilnærming (Befring, 2015) for å skaffe oversikt over datamaterialet og for å kunne velje ut relevante tema. Saman gjennomførte forfattarane ei deduktiv driven analyse ved å lese og re-lese datamaterialet, og kategorisere dette i to sentrale funn. Det første hovudfunnet eller kategorien vert omtala som *Samisk matkultur* og er ei skildring av korleis rammeplanens føringar om arbeidet med samisk kultur (Kunnskapsdepartementet, 2017) vert operasjonalisert i dei aktuelle barnehagane. Kategorien inneheld to delar: *Matkultur* og *Berekraftig matkultur*, og

han bygger i stor grad på data med utgangspunkt i spørsmål i intervjuguiden, det vil seie ei deduktiv tilnærming (Alverson & Skölberg, 1994).

Det andre hovudfunnet eller kategorien omhandlar *Utfordringar og dilemma*, og han peikar på krysspreset som dei pedagogiske leiarane som bakkebyråkratar (Lipsky, 1980 i Eriksen & Molander, 2008, s. 163) står i mellom formelle krav ovanfrå og gjennomføring i barnehagen. Kategorien inneheld to delar: *Reindriftskultur* og *Mangfald*, og han er i stor grad induktivt basert på deltakarane sine eigne innspel. Å nytte både ei deduktiv og ei induktiv tilnærming kan føre til abduksjon (Alverson & Skölberg, 1994), noko som styrker truverdet om at funna er sannsynlege. Ein transparent datainnsamlingsprosess kan ifølge Thagaard (2018) styrke reliabiliteten, noko som er vektlagt i studien.

Studien har nokre svake trekk, som at utvalet består av berre fire barnehagar, og at vi i perioden med datainnsamling mista både deltakande barnehagar og informantar på grunn av koronapandemien. Dette kan ha påverka validiteten i studien ved at utvalet vart mindre enn planlagt. Ein styrke ved studien er at den kan bidra til å sette søkelys på arbeid med samisk matkultur i barnehagen, ein aktuell tematikk med behov for vidare utforsking. Sjølv om funn i kvalitativ forskning ikkje er direkte overførbare, kan dei inspirere både praksis og vidare forskning, og på den måten tilby ein overføringsverdi (Stake, 2000).

Funn

Alle barnehagane hadde satt av tid til samisk kulturformidling knytt til den samiske nasjonaldagen 6. februar, men i varierende grad. Nokre brukte denne dagen åleine, medan andre nytta to til tre veker på temaet samisk kultur. Barnehagane gjennomførte ulike praktiske aktivitetar som å lage mat på bål, leik ute, lassokasting, formingsaktivitetar, lytting til joik, lesing av eventyr og å sjå på TV-program om samisk kultur. Felles for aktivitetane er stor vekt på samiske identitetsmarkørar som ligg tett opp til reindriftskulturen. Deltakarane uttrykte eit stort behov for å ha tilgang til fleire artefaktar, som lasso, skinn og kofte. I tillegg uttrykte deltakarane eit behov for å lære

meir om samisk kultur, sidan dei i liten grad har fått kunnskap gjennom barnehagelærerutdanning.

Samisk matkultur i barnehagen

Alle barnehagane hadde samisk matkultur som ein del av aktivitetane kring nasjonaldagen. Dei to matrettane som blir nytta er bidos¹ og gahkko². Barnehage C uttrykte det slik: «Vi har laga litt mat også, bakt sånn, eg gjorde det i fjor, bakte sånne gahkkobrød eller kva det heiter, også laga vi den der bidos».

Deltakarane fortel at dei to matrettane oftast blir laga ute på bålet. Oppskriftene på bidos og gahkko finn dei oftast på internett. Ein av barnehagane hadde ein perm knytt til feiring av den samiske nasjonaldagen. I denne permen var det, i tillegg til oppskrift på dei to matrettane, også forslag til samiske aktivitetar og formingsoppgåver.

Deltakarane uttrykker at dei ønsker meir kompetanse og kunnskap om det samiske. Derfor søker dei på internett, NRK Super og Idebroen samisk på Facebook. Gjennom desse kjeldene får dei også gitt barna tilgang til samisk tilnærming til korleis ein kan skaffe seg mat. Deltakarane i barnehage A fortel at:

Så bruker vi NRK Super ein del, for der er ein serie som heiter Megafon og der er ein episode om han Jon Eilu som er samisk og den er litt [...] eg må stoppe den, for han slakter jo! Det er litt mykje då for nokon av desse ungane her. Vi bruker å stoppe då han stikk den pinnen i nakken, er det vel?

Det kan bli for sterke inntrykk for nokre av barnehagebarna, som i mindre grad er vande med slakting.

På spørsmål om kva som kan vere verdifullt for barna gjennom å bli kjent med det samiske, uttrykte alle at dei ønska at alle barn skal få kunnskap og kjennskap til det samiske gjennom barnehagetida si. Dei framheva at samane sin måte å bruke naturen på står i sterk kontrast til vår tids forbrukarsamfunn. Deltakarane i barnehage A påpeika: «Det [samiske] er på naturen sine

1 Tradisjonell samisk gryte med reinsdyrkjøtt og grønnsaker, samane sin nasjonalrett (matprat.no)

2 Samisk brød, tradisjonelt til fest saman med bidos (matprat.no)

premissar» og vidare: «den samiske kulturen handlar ikkje om overforbruk». Deltakarane i barnehage B fortalte om naturforvaltning, balanse og det å leve i pakt med naturen slik: «det er enorme kontraster der, så om vi hadde lært av samane og levd på den måten, hadde naturen gått i pluss og ikkje i minus».

Eit sentralt poeng hos dei pedagogiske leiarane var å formidle den tradisjonelle berekraftige samiske levemåten. Denne står i stor kontrast til vårt vestlege levesett. Deltakarane i barnehage A sa: «Det viser dei godt fram med slaktning av dyr, dei brukar heile dyret ikkje sant, ikkje som oss som kjøper forferdelege pelskragar frå Kina, ikkje sant».

Oppsummert er det lite variasjon kring samisk matkultur, og berre to tradisjonelle matrettar vert brukt i dei aktuelle barnehagane. Val av matrettane er godt etablert, og det vart ikkje stilt spørsmålsteikn ved denne etablerte praksisen. Når det gjeld berekraftig levemåte, blir tradisjonell samisk matkultur framheva som førebileleg. Vi tolkar deltakarane slik at val av matrettar, oppskrifter og gjennomføring av eit samisk måltid er ukomplisert. Derimot kan spørsmål som gjeld tradisjonell samisk levemåte i lys av vår moderne tid, peike på utfordringar og dilemma i samisk kulturformidling.

Utfordringar og dilemma

Reindrifskultur

Fleire barnehagar peika på dilemma som at barna blir presentert for ein tradisjonell samisk kultur bygt på reindrift. Deltakarane i barnehage C uttrykte: «Kanskje vi har eit litt stereotypisk inntrykk av det [samisk kultur], og så bor det faktisk flest samar i Oslo». Ein av deltakarane i barnehage B fortalte: «Det synest eg var utfordrande då eg starta, at det var lett å stereotype dei og sette dei i ein bås, at det er dei og vi, men det er jo oss».

Vidare fortel deltakarane at dei brukar å vise ein film på NRK Super som viser samisk kvardagsliv i dag:

Den [filmen] viser at dei [samane] lever i eit hus som vanlege folk, dei lagar middag. Det er ikkje slik at dei sit i lavvo og lager middag på bål [...] at dei bur i lavvo, dei har på seg kofte. Men det å vise at det er vanlege folk som har ein annan kultur, for vi har jo mange kulturar i Norge.

Mangfald

Det var fleire av deltakarane som uttrykte at arbeidet med samisk kulturformidling er ein del av det å løfte fram mangfaldsperspektivet som barnehagane er pålagde i følgje rammeplanen. For nokre har denne tilnærminga vokse fram over tid, då rammeplanen i 2017 kom med tydlegare føringar om formidling av samisk kultur.

Barnehage D syns at rammeplanen kunne vere litt for full av samiske perspektiv då dei las den nye rammeplanen for første gong i 2017: «Eg følte litt på det når eg las rammeplanen at det var samisk, samisk og samisk, men at det ikkje angjekk oss så veldig». Også deltakarane i barnehage C framheva at samiske perspektiv «[...] har blitt tydlegare, meir konkret kva vi skal fokusere på [i rammeplan]».

Å sjå på samisk kultur som ein del av mangfaldsarbeidet kan også legge grunnlag for nokre utfordringar. Deltakaren i barnehage D fortalde at det var ei utfordring dette med geografisk avstand og at ein ikkje har den kulturen sjølv. Ein av deltakarane i barnehage D sa: «[...] når eg fekk spørsmål om å snakke om det så «Ohhh [...]!! Nei det kan eg ikkje snakke om sa eg, for eg føler at eg har ikkje [...] [kunnskap]».

Deltakarane peikar på frykt for å krenke den samiske kulturen, eller som ein deltakar i barnehage C sa: «[...] og så kjenner eg litt på den frykta for å trekke nokon på tærne!». Deltakarane i barnehage D supplerte:

Ja, eg kunne tenke meg å vite meir om det. Ja, også det at når vi sit og formidlar, så seier vi at samane bor sånn og sånn og dei har på seg sånn og sånn [...] men så veit vi jo også at dei fleste samane bur i vanlege hus og dei går med vanlege kle, så det er noko med at vi må få fram det også, slik at vi ikkje driv med vranglære. Ein veit no ikkje heilt kva som er riktig heller.

Deltakarane fortalte at dei kjente på ein gjennomgåande mangel på kunnskap om det samiske, men også dilemma mellom notid og den genuine samiske kulturen. Dei er redde for å gjere feil eller formidle vranglære. Deltakarane uttrykte også ein redsel for å framstille samisk kultur på ein enkel og stereotypisk måte. Tre av barnehagane uttrykte at fordi dei har for lite kunnskap og kjennskap til det samiske, så er dei redde for å skape ei stereotypisk framstilling

som igjen kan føre til for lite respekt. Som døme understrekar barnehage B at «Dei samiske plagga er ikkje utkleddingsklede, respekt!».

Oppsummert er utfordringar og dilemma i stor grad knytt til frykt for å skape stereotypiar og eksotifisering av samisk kultur. Deltakarane peikar sjølve på manglande kunnskap og opplæring som sentrale utfordringar.

Drøfting

Spørsmålet vi ønskte å finne svar på i denne studien, er korleis pedagogiske leiarar opplever arbeidet med samisk matkultur i barnehagen.

Snever matkultur

Hovudfunnet er lite variasjon kring samisk matkultur med bruk av to tradisjonelle samiske matrettar: bidos og ghakko. Matrettane er godt etablert, og det vert ikkje stilt spørsmålsteikn ved denne praksisen. Kjenneteikn ved hovudretten bidos er at råvaren er reinsdyrkjøtt. Dette kan tolkast som at reindriftskulturen er mest framheva som identitetsmarkør i mattilbodet. Funn om få og reinsdyrbaserte matrettar er i samsvar med funn i NORCE-rapporten, som også framhevar bruk av reinsdyrkjøtt som råvare i barnehagen (Homme et al., 2021, s. 232). På den eine sida kan funn om at samisk matkultur i barnehagen i all hovudsak er knytt til reinsdyrkjøtt som råvare, vere uttrykk for at reindriftskulturen i større grad blir oppfatta som den mest truverdige og tradisjonelle i samisk matkultur. På den andre sida kan det også vere uttrykk for manglande kunnskap og kompetanse om at samisk matkultur er meir mangfaldig og også inneheld råvarer som til dømes frå fisk, sau, geit og bær (Heim, 2023, s. 173).

Rammeplanen peikar på at barna skal utvikle respekt og kjennskap til det samiske mangfaldet. Eit noko snevert matrettrepertoar kan såleis vere uttrykk for ei forenkling av kva samisk matkultur går ut på. Det blir heller ikkje vist til at, på same måte som anna matkultur, har den samiske matkulturen endra seg i takt med samfunnsutviklinga (Amilien & Krogh, 2007, s. 17).

Vi tolkar deltakarane slik at val av matrettar, oppskrifter og gjennomføring av eit samisk måltid er ukomplisert. Samtidig framheva deltakarane tradisjonell samisk matkultur som førebiletleg. Dette er fordi den legg vekt på å ferdast i naturen med varsemnd og å sanke og forvalte planter og dyr på ein berekraftig måte (Valkonen & Valkonen, 2014).

Bevaring av mat vart ikkje tematisert i intervjua, medan berekraftsperspektivet vart løfta fram som eit ideal av deltakarane. Dette kan tolkast som at den samiske tilnærminga til berekraftig forvaltning også kan inspirere til å integrere berekraftsperspektivet i barnehagen sine kvardagsaktivitetar gjennom heile året, og ikkje berre kring samisk nasjonaldag. Berekraft er eit sentralt omgrep i rammeplanen og har sidan 2017 vorte løfta fram som del av verdigrunnlaget for barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017, kap. 1). Barnehagen skal «[...] fremje verdiar, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn». Å løfte fram samisk forvaltning av naturen kan såleis støtte barnehagens arbeid med samfunnsmandatet knytt til berekraft (Buljo, 2020, s. 65; Heim, 2023, s. 173).

Utøving av skjønn som bakkebyråkratar

Studien peikar på dilemma som dei pedagogiske leiarane står i. Dei opplever eit krysspress mellom formelle krav frå rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017) og sin eigen kompetanse om samisk kultur. Som bakkebyråkratar vil det vere behov for å utvise skjønn (Molander & Terum, 2008). Samtidig har dei pedagogiske leiarane ein autonomi i si profesjonsutføring.

Deltakarane fortel at i formidlingssituasjonane i barnehagen kjenner dei på manglande kunnskap og kulturforståing. Dette er i samsvar med Homme et al. (2021, s. 239), som peikar på at kunnskapsnivået «blant ansatte [...] kan sies å være relativt lavt». Pedagogiske leiarar finn ikkje støtte i rammeplanen på kva samisk kultur går ut på (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 9). Dette vil også gjelde samisk matkultur. Pedagogiske leiarar blir i stor grad overlatne til seg sjølve for å skaffe seg kunnskap og finn støtte i ulike media som ideutvekslingsgrupper på internett og NRK Super.

Slik vi tolka deltakarane, kom det fram ei tydeleg frykt for å framstille den samiske kulturen stereotypisk. Dette ble forstått som reindriftssamar som lever på Finnmarksvidda. I kontrast stilte ingen av deltakarane spørsmålsteikn ved den noko snevre samiske matkulturen som barna får møte i barnehagen.

På den eine sida kan dette tolkast som ei stereotyp forståing av samisk matkultur. På den andre sida kan dette vere uttrykk for manglande kunnskap om mangfaldet i samisk matkultur, som også kan knytast til råvarer frå hav, elv og jordbruk (Heim, 2023, s. 172). Å synleggjere eit meir nyansert bilde av kva samisk matkultur er, kan gjerast ved å utvide repertoaret av råvarer og samiske matrettar som kan nyttast gjennom barnehageåret. Det kan bli noko snevert dersom alt arbeid med det samiske perspektivet blir gjennomført kring den samiske nasjonaldagen.

Også andre delar av samisk kultur blir stereotypisk framstilt. Fleire har kritisert kva i samisk kultur som blir formidla i barnehagen, som at samar bur i gammar på fjellet (Andersen, 2020, s. 40). Samisk kultur kan også bli presentert som homogen. Det som vert framheva er «det reindriftssamiske, mens f eks. det sjøsamiske forsvinner eller blir underkommunisert» (Figen-schou, 2023, s. 56).

Det er mogleg at for bakkebyråkratar (Lipsky, 1980 i Eriksen & Molander, 2008, s. 163) som skal manøvrere i eit noko ukjent landskap utan å ha fått tilstrekkeleg innføring i mangfaldet i samisk kultur, kan dette føre til ei usikker tilnærming i formidlingsarbeidet. I ein slik samanheng kan kunnskap om samisk kulturformidling generelt og samisk matkultur spesielt, ha innverknad på korleis pedagogisk leiar utøver sin praksis. Samtidig må pedagogiske leiarar også ta omsyn til ulike minoritetskulturar som er representerte i det norske samfunnet (Kunnskapsdepartementet, 2017).

Sidan samisk kultur er forankra i ILO-konvensjonen som Norges urfolk og såleis står i ei særstilling (Regjeringen, 2020), har samisk kultur andre rammer enn nasjonale minoritetar. Det er såleis behov for meir forskning på korleis barnehagen arbeider med samisk kultur i eit mangfaldig samfunn.

Avslutning

Denne studien peikar på eit behov for meir kompetanse om samisk kultur for å møte dei formelle krava i rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017). Eit hovudfunn i denne studien er at samisk matkultur i form av bidos og ghakko er etablert som markering av samisk nasjonaldag. Samtidig framheva

informantane eit ønske om å ikkje framstille den samiske kulturen stereotypisk. Dette dilemmaet var i liten grad synleg når det gjeld matkultur, og kan peike på liten matkunnskap om det samiske mangfaldet.

Pedagogiske leiarar som i følgje samfunnsmandatet skal formidle samisk kultur, får ingen støtte i rammeplanen på kva samisk kultur er. Dette vil også gjelde matkulturen. Samisk kulturformidling vart gjort tydelegare i rammeplanen frå 2017. Det er behov for vidare undersøkingar om korleis denne delen av samfunnsmandatet vert gjennomført i praksis. Dette vil også gjelde innføring i samisk matkultur som ein del av mangfaldet i samisk kultur.

Referanser

- Alvesson, M. & Sköldbäck, K. (1994). *Tolkning och reflektion: Vetenskapsfilosofi och kvalitativ metod*. Studentlitteratur.
- Amilien, V. & Krogh, E. (2007). *Den kultiverte maten. En bok om norsk mat, kultur og matkultur*. Fagbokforlaget.
- Andersen, B. (2020). Samisk blikk i barnehagen. I I. B. A. B. Baal, L. Baal & K. Pedersen (Red.), *Samisk kulturforståelse i barnehage og skole* (s. 40–44). Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringen. Sámi lohanguovddáš.
- Befring, E. (2015). *Forskningsmetoder i utdanningsvitenskap*. Cappelen Damm Akademisk.
- Buljo, M. R. M. (2020). Samisk mat og tradisjoner – med samisk tradisjonell tankegang inn i fremtiden? I B. A. B. Baal, L. Baal & K. Pedersen (Red.), *Samisk kulturforståelse i barnehage og skole* (s. 65–70). Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringen. Sámi lohanguovddáš.
- Baal, B. A. B., Baal, L. & Pedersen, K. (2020). *Samisk kulturforståelse i barnehage og skole*. Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringen & Sámi lohanguovddáš. Nord universitet. <https://kunstkultursenteret.no/ressursbase/samisk-kulturforstaelse-i-barnehage-og-skole/>
- Eriksen, E. O. & Molander, A. (2008). Profesjon, rett og politikk. I A. Molander & L. I. Terum (Red.), *Profesjonsstudier* (s. 161–178). Universitetsforlaget.
- Figenschou, G. (2023). «Hvordan i alle dager skal jeg våge å jobbe med samiske temaer i utdanningen?». I G. Figenschou, S. S. Karlsen & H. C. Pedersen (Red.), *Ávdnet: Samiske tema i skole og utdanning* (s. 53–69). Universitetsforlaget.
- Halkier, B. (2015). Fokusgrupper. I S. Brinkmann & L. Tanggaard (Red.), *Kvalitative metoder. En grundbog* (s. 137–152). Hans Reitzels Forlag.
- Hammersley, M. & Atkinson, P. (1996). *Feltmetodikk* (2. utg.). Ad Notam Gyldendal.
- Harnesk, V. & Brandon-Cox, B. (2014). *Smak av Sâpmi: Samisk mat – tradition, innovation och framtid*. Slow Food Sâmpi.
- Heim, G. (2023). Samisk matkultur. I G. Figenschou, S. S. Karlsen & H. C. Pedersen (Red.), *Ávdnet: Samiske tema i skole og utdanning* (s. 170–182). Universitetsforlaget.
- Homme, A., Danielsen, H. & Ludvigsen, K. (2021). *Implementering av rammeplan for barnehagen. Underveisrapport fra prosjektet Evaluering av implementering av rammeplanen for barnehagen* (Rapport 37/2020). NORCE Samfunn. <https://norceresearch.brage.unit.no/norceresearch-xmlui/handle/11250/2736721>
- Jernberg, U., Johnsen-Swart, A. L. & Fønnebo, B. (2021). *Samiske stemmer i barnehagen* (1. utg.). Cappelen Damm Akademisk.
- Johnsen-Swart, A. L. (2021). Samisk kultur og historie – mangefasettert og kompleks. I B. Fønnebo, A. L. Johnsen-Swart & U. Jernberg (Red.), *Samiske stemmer i barnehagen* (s. 34–59). Cappelen Damm Akademisk.
- Juuso, R. & Bjørn, I. M. E. (2006). *Temahefte om samisk kultur i barnehagen*. Kunnskapsdepartementet.
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen*. UDIR. <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/>
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju*. Gyldendal Akademiske.

- Meld. St. 32 (2016–2017). *Reindrift – lang tradisjon – unike muligheter*. Landbruks- og matdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-32-20162017/id2547907/>
- Molander, A. & Terum, L. I. (2008). Profesjonsstudier – en introduksjon. I A. Molander & L. I. Terum (Red.), *Profesjonsstudier* (s. 13–28). Universitetsforlaget.
- Nordlige folk. (2024). *Mat i Nord-Troms*. <https://nordligefolk.no/sjosamene/mat-og-oppskrifter-2/mat-tradisjoner-nord-troms/>
- Olsen, T. A. (2017). Sampi i Noreg i dag. *Syn og Segn*, 123(4), 38–45.
- Regjeringen. (2020). ILO-konvensjonen om urfolks rettigheter. <https://www.regjeringen.no/no/tema/urfolk-og-minoriteter/urfolkryddemappe/ilo-konvensjonen-om-urfolks-rettigheter-/id487963/>
- SSB. (2017). *Statistikk over samiske språkbrukere i Norge*. Notater 2017/34. <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/statistikk-over-samiske-sprakbrukere-i-norge;jsessionid=F692DC6EA46964878B9FE9F207D57F50>
- Stake, R. E. (2000). Case studies. I N. K. Denzin & Y. S. Lincoln (Red.), *Handbook of qualitative research* (2. utg.). SAGE.
- Thagaard, T. (2018). *Systematikk og innlevelse: en innføring i kvalitative metoder*. Fagbokforlaget.
- Valkonen, J. & Valkonen, S. (2014). Contesting the nature relations of Sámi culture. *Acta Borealia*, 31(1), 25–40. <https://doi.org/10.1080/08003831.2014.905010>